



Brønnøysundregistrene

Brønnøysundregistrene

Postadresse: 8910 Brønnøysund

Telefoner: Opplysningstelefonen 75 00 75 00 Telefaks 75 00 75 05

E-post: firmapost@brreg.no Internett: www.brreg.no

Organisasjonsnummer: 974 760 673



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2012	2011
Inntekter			
Salsinntekter		703 000	498 000
Sum inntekter		703 000	498 000
Kostnader			
Lønnskostnad	1	157 000	99 000
Avskrivning på varige driftsmiddel og immaterielle egedelar	3	75 000	35 000
Annan driftskostnad		436 000	353 000
Sum kostnader		668 000	487 000
Driftsresultat		35 000	11 000
Netto finans			
Ordinært resultat før skattekostnad		35 000	11 000
Ordinært resultat etter skattekostnad		35 000	11 000
Årsresultat		35 000	11 000
Overføringer og disponeringar			
Overføring til/frå fond		35 000	11 000
Sum overføringer og disponeringar		35 000	11 000



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2012	2011
EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Varige driftsmiddel			
Maskinar og anlegg	3	174 000	141 000
Sum varige driftsmiddel		174 000	141 000
Finansielle anleggsmiddel			
Andre krav		29 000	33 000
Sum finansielle anleggsmiddel		29 000	33 000
Sum anleggsmiddel		203 000	174 000
Omløpsmidlar			
Varer			
Krav			
Andre krav		63 000	75 000
Sum krav		63 000	75 000
Bankinnskudd, kontanter og liknande			
Bankinnskudd, kontanter og liknande		208 000	266 000
Sum bankinnskudd, kontanter og liknande		208 000	266 000
Sum omløpsmidlar		271 000	341 000
SUM EIGEDELAR		474 000	515 000
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Opptent eigenkapital			



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2012	2011
Annan Eigenkapital		416 000	381 000
Sum opptent egenkapital		416 000	381 000
Sum egenkapital		416 000	381 000
Sum langsiktig gjeld		0	0
Kortsiktig gjeld			
Anna kortsiktig gjeld		58 000	134 000
Sum kortsiktig gjeld		58 000	134 000
Sum gjeld		58 000	134 000
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		474 000	515 000



Årsmelding 2011/12 for Fitjar Skulekorps

Verksemda sin art

Fitjar Skulekorps er eit brassband for born og unge i Fitjar Kommune.

Rettvisande bilete

Dette rekneskapsåret omfattar difor perioden 01.07.11-31.12.12. Lenger ute i årsmeldinga kjem ei nærare skildring av verksemda i rekneskapsåret. Etter styret si meining gir årsmelding, rekneskap og notar eit rettvisande bilete av resultat i rekneskapsåret og stilling pr. 18.02.2013.

Fortsatt drift

Korpset har god økonomi, og styret legg føresetnaden om fortsatt drift til grunn ved avlegging av rekneskapet.

Dekning av underskot

Styret foreslår at årets overskot på kr. 35.027,- vert overført annan eigenkapital.

Arbeidsmiljø og likestilling

Korpset har ein mannleg dirigent tilsett i ca 18 % stilling. Sjukefråværet i rekneskapsåret var minimalt, bortsett frå noko brannskadepleie av dirigenten etter lettsindig omgang med tennvæske...

I styret har det vore 4 ordinære medlemmer og eit varamedlem. Alle desse har vore mannlige; det lukkast ikkje valnemnda å få kvinnelege medlemmer med i styret denne perioden. I tillegg har det vore ein representant frå musikantane i skulekorpset og ein frå Fitjar Musikklag.

Ytre miljø

Korpset påverkar ikkje det ytre miljø negativt med si verksemd.

Styret har i denne perioden vore:

Leiar:	Ole Christian Ottestad
Kasserar:	Erling Prestbø
Skrivar:	Tom Rydland
Styremedlem:	Sigbjørn Rørvik
Varamedlem:	Nils Andreas Brekke
Mus. repr.:	Edith Helland
FM repr.:	Audun Mehammer

Dirigent og instruktør for korpset har vore Svein Roger Koppang.

Denne utvida årsmeldinga gjeld hausthalvåret i 2011, samt vår- og hausthalvår 2012, då det i årsmøtet hausten 2011 vart vedteke at rekneskapet til korpset heretter skulle følgja kalenderåret. Aktiviteten i året har vore :



August -11:

-Berre øvingar

September -11:

-Oppstartseminar

-Speling på gudstenesta på søndagsskulens dag i kyrkja, og marsj til bedehuset.

-Juniorseminar for Fitjar Skulekorps og Stord Skulekorps på Rimbareid Skule

-Årsmøte

Oktober -11:

-Berre øvingar

November -11:

-Helgeseminar, avslutta med fin årsfest.

-Speling på Fitjar Musikklag sin årlege marknad i Kultursalen.

-1.plass i 3.div på Sotrafestivalen på Bildøy!

Solistpris til principal Anne Lunde i 3.div!!

Vandrepokal for høgaste poengsum uansett divisjon!!!

-Juniororpset deltok og i Sotrafestivalen og hausta lovord frå dommarane i divisjonen for juniorkorps.

-Julegrantening på 1.søndag i advent. Bra speling sjølv om både fakkeltog og juletrengang vart avlyst grunna storm og orkan i kasta...

Desember -11:

-Hovudkorps og juniorar spelte på julekonsert i kyrkja.

-Juleavslutning med mat, gode ord og premiar på siste øving før jul.

-Korpset spelte tradisjonen tro på 1. gudsteneste julaftan.

Januar -12:

-Speling på juletreff i Idrettshallen

-Øvingshelg på Rimbareid, avslutta med bowlingkveld

-Oppgradert øvingslokale, med ny ventilasjon og lydemping i himlingen

Februar -12:

-Berre øvingar for seniorkorpset

- Juniorseminar med Stord Skulekorps på Hystad Skule

Mars -12:

-Vellukka skulekorpsmarknad på Rimbareid, med Fitjar Musikklag på plass som vanleg.

-Speling for både juniorkorps og seniorkorps på Familiedag i FKIB

April -12:

-Flaskeinnsamling i Fitjar. Flott innsats og bra fortjeneste. Stor takk til SPAR og REMA1000 for godt samarbeid i år og.

-Øvingshelg før Filmkonserten

-Stor Filmkonsert i Kultursalen, med raud løpar, kanapear og popcorn.

Flott gjennomført prosjekt med korps og solistar i toppform, men litt for lite publikum...

-Korpstreff (maraton) i Kinosalen på Stord Kulturhus.



Mai -12:

- 17. mai var det speling ilag med musikklaget, som vanleg dei seinare åra.
- Først flaggheising ved Tinghuset, deretter marsjering bort til ein betre frukost på fjordhotellet, så marsjering i barnetoget, speling i kyrkja ved gudstenesta.
- Til slutt speling i parkarrangementet som grunna dårleg ver vart flytta inn i kyrkja.
- Fem musikantar frå korpset vart teken opp i Hordaland Ungdomsbrassband (HUBB)
- Øvingshelg før NM
- Nokre musikantar var tonefylgje på friluftsgudstenesta 2. pinsedag.

Juni -12:

- NM-seminar
- Urframføring av The Bold and the Brave på Kulturskulen sin sommarkonsert.
- ‘NM-konsert’ i lag med Rommetveit Skulekorps og Stord Skulekorps.
- Flott 2.plass i 3.div i NM i Stavanger, eitt lite poeng unna sigeren.
- Reiste vidare til Bø i Telemark på ein kjekk sommartur.

Juli/August -12:

- Tre musikantar deltok på NMF sommarkurs i år:
To på blått og ein på svart kurs på Manger

September -12:

- Kjekt oppstartseminar på Litlabø Skule med mykje speling, kajakk og anna moro...
- Speling på gudstenesta på søndagsskulens dag i kyrkja, og marsj til bedehuset.
- Juniorseminar på FKIB med Stord Skulekorps .

Oktober -12:

- Berre øvingar
- Nokre av musikantane deltok på Kulturskulen sin foajekonsert i FKIB.

November -12:

- Helgeseminar med speling på misjonsmesse på Bedehuset og konsert på årsfesten.
- Huskonsert i Kultursalen før Sotrafestivalen
- Fantastisk 3. plass i 2. divisjon på Sotrafestivalen. Den beste prestasjonen til korpset nokon gong?

Desember -12:

- Julegrantenning med flott speling, fakkeltog og frosne ventilar.
- Julekonsert i kyrkja.
- Speling på gudstenesta julaftan, fin dirigentdebut av Ragnhild Prestbø.

----- oo0oo-----

Korpset sin utvikling sidan siste årsmelding kan summerast i eitt ord: Fabelaktig!

Resultata frå dei tevlingane me har delteke i, syner konkret det store framsteget korpset har gjort ilag med sin dirigent Svein Roger Koppang, men dei syner ikkje *korleis* korpset har meistra utfordringa dei fekk då me litt overraskande mista ein del musikantar etter NM i sommar. Dette tvang fram ei omlegging av

Årsmelding 2011/12 for Fitjar Skulekorps


undervisningsopplegget vårt ved oppstart i haust, der aspirantane som var klar for juniorkorpset no vart teke direkte inn i hovudkorpset i staden. Dirigenten vurderte dette som betre enn å fortsetja med eige juniorkorps, der me hadde hatt utfordringar med motivasjon hos nokre musikantar og sleit med tilfredstillande informasjonsflyt til foreldra. Omlegginga var vellukka, for musikantane gjorde med den strålende 3.plassen i 2.divisjon på Sotra same haust sin beste prestasjon nokon gong. Stor honnør til musikantane, især dei aller yngste, som tok utfordringa då dirigenten meinte at me trass alt skulle prøva nivået i 2. divisjon, noko som verka temmeleg halsbrekkande for enkelte av oss meir pessimistisk anlagde ved semesterstart...


Korpset har i løpet av perioden kome opp på eit nivå som gjer det mogeleg å gjennomføra eigne heilhaftens konsertarrangement, med medverkande instrumental- og vokalsolistar frå eigne rekker. Den vellukka filmkonserten var eit døme på dette. Publikum i Fitjar er nok enno ikkje heilt klar over kva skulekorpset er i stand til å levera, så meir promotering må gjerast i forkant for å auke interessa for slike konsertar i bygda.

Det seier seg sjølv at Fitjar Skulekorps er utruleg heldige som har Svein Roger Koppang på laget. Hans systematiske og målretta arbeid i både gruppeundervisninga og på fellesøvingane, og hans ambisjonar og profesjonelle innstilling til oppgåva har hatt alt å seia for utviklinga til korpset vårt. Han vert sett stor pris på av musikantar og foreldre. Styret si viktigaste oppgåve har vore, og skal framleis vera, å leggja best mogleg til rette for at Svein Roger kan fortsetja sitt gode arbeid i Fitjar Skulekorps.

Arbeidsmiljø er særst viktig i så måte, og forbetring av øvingstilhøva i Speilsalen vart høgt prioritert i året som gjekk, eit løft gjort i lag med musikklaget og teaterlaget. Ny lyddempande himling, samt ventilasjonsanlegg gjer øvingane mykje mindre trøytande og meir effektive for både musikantar og dirigent.

Ved oppstarten av det nye korpåret er korpset sett saman slik:





Me har kome bra ut av året, økonomisk sett, ikkje minst på grunn av glimrande arbeid i foreldrenemndene. Eit kalendersal heilt utanom det vanlege har mellom anna bidrege sterkt til resultatet.

Fitjar Skulekorps har aldri mangla dyktige og interesserte foreldre som arbeidar til korpset sitt beste, men korpset står nå framfor eit nytt 'tideverv', då ein krumtapp som Svein Lunde omsider har funne tida mögen for å gje seg. Han har i lag med kona Gerd Marit gjort ein framifrå jobb i ulike verv for Fitjar Skulekorps, men hans lange teneste som korpseleiar og materialforvaltar står fram som heilt eineståande. I årevis har han vore først og sist på nesten alle øvingar og konsertar, og rett og slett vore olja i maskineriet, altså heilt uvurderleg for drifta av korpset.

Me vil hermed takke Svein Lunde for det store frivillige arbeidet han i meir enn to tiår har lagt ned i Fitjar Skulekorps.

Styret vil elles få takke musikantar, dirigent, nemnder og foreldre for nok eit framgangsrikt og kjekt korpssår og me gler oss som vanleg til fortsetjinga...

 Stad, dato

 Ole Christian Ottestad, leiar

FITJAR SKULEKORPS
RESULTATREKNESKAP 01.07.11-31.12.12

Inntekter	Note	Budsjett 2013	Regnskap 01.07.11- 31.12.12	Budsjett 2011-2012	Regnskap 2010-2011
Speleinntekter		kr 1 500	kr 1 650	kr 20 000	kr 14 600
Gåver Kommunen		kr 25 000	kr 51 500	kr 1 500	kr 6 000
Andre gåver		kr 60 000	kr 88 500	kr 60 000	kr 98 180
Marknad		kr 75 000	kr 71 085	kr 75 000	kr 155 624
Kalendarsalg		kr 85 000	kr 186 605	kr 130 000	kr -
Støtte gevinstar		kr 15 000	kr 38 000	kr -	kr -
Medlemsandel sommarkurs		kr 10 000	kr 24 830	kr 35 500	kr 9 950
Medlemsandel øvingshelgar		kr -	kr 4 000	kr 10 000	kr -
Medlemsandel turar		kr 40 000	kr 64 780	kr 60 000	kr 55 000
Jubileumsfeiring/årsfest		kr 5 000	kr 8 550	kr 15 000	kr 14 800
Konsertar		kr 15 000	kr 17 630	kr -	kr 60 843
Grasrotandel		kr 15 000	kr 21 558	kr 18 000	kr 11 686
Andre inntekter		kr 5 000	kr 4 800	kr 5 000	kr -
Kontingent		kr 7 000	kr 4 800	kr 5 000	kr 2 400
Tilskot NMF		kr 25 000	kr 51 279	kr 35 000	kr 24 297
Dugnadsinntekt		kr 40 000	kr 22 277	kr 40 000	kr 32 403
Refusjon mva		kr 20 000	kr 36 525	kr 15 000	kr 8 061
Renteinntekter		kr 3 000	kr 4 506	kr 5 000	kr 3 914
Sum Inntekter		kr 446 500	kr 702 875	kr 530 000	kr 497 758
Utgifter					
Kulturskule		kr 55 000	kr 53 579	kr 51 000	kr 34 218
Sommarkurs		kr 20 000	kr 49 600	kr 71 000	kr 19 900
Øvingshelgar		kr 10 000	kr 12 063	kr 10 000	kr -
Konkurransar, avgift		kr 20 000	kr 35 350	kr 25 000	kr 19 320
Turar		kr 50 000	kr 107 353	kr 85 000	kr 83 543
Marknad		kr 5 000	kr 2 073	kr 2 000	kr 12 442
Kalendarsalg		kr 20 000	kr 48 382	kr 15 000	kr -
Jubileumsfeiring/årsfest		kr 5 000	kr 13 516	kr 15 000	kr 44 020
Konsertar		kr 10 000	kr 11 262	kr -	kr 80 745
Instruktørleige / løn	1	kr 115 000	kr 156 554	kr 125 000	kr 99 165
Husleige øving		kr 18 000	kr 23 908	kr 10 000	kr 3 530
Notar		kr -	kr -	kr 2 000	kr 1 861
Inventar / instrument		kr 10 000	kr 30 168	kr 10 000	kr 9 309
Div. klede/årsmerke		kr 2 000	kr 4 543	kr 2 000	kr 2 175
Vedlikehald/ småinstrument		kr 5 000	kr 1 938	kr 5 000	kr 2 965
Rekneskap		kr -	kr -	kr -	kr 1 050
Kontorkostnader		kr 2 000	kr 1 399	kr 3 000	kr 1 959
Annonsering		kr -	kr -	kr 1 000	kr 718
Pausemat		kr 8 000	kr 12 342	kr 15 000	kr 11 479
Kontingentar		kr 15 000	kr 15 031	kr 14 000	kr 13 495
Gåver			kr -	kr 1 000	kr 1 151
Forsikringspremiar		kr 8 500	kr 8 242	kr 8 000	kr 7 320
Gebyr		kr 1 000	kr 1 520	kr 600	kr 573
Andre kostnader		kr 5 000	kr 4 323	kr 5 000	kr 1 160
Avskrivningar	3	kr 60 000	kr 74 703	kr 52 500	kr 35 146
Sum Utgifter		kr 444 500	kr 667 848	kr 528 100	kr 487 244
Resultat		kr 2 000	kr 35 027	kr 1 900	kr 10 514



FITJAR SKULEKORPS BALANSE PR 31.12.12

EIENDELER.....	Note	2011-2012	2010-2011	2009-2010
UNIFORMAR.....	3	kr 32 117	kr 27 017	kr 25 191
INSTRUMENT.....	3	kr 95 315	kr 70 218	kr 79 122
NOTER	3	kr 46 876	kr 43 349	kr 32 718
ØVINGSLOKALE		kr 28 050	kr 33 000	kr -
AKSJER/ANDELER.....		kr 300	kr 300	kr 300
SUM ANLEGGSMIDDEL		kr 202 658	kr 173 884	kr 137 331
ANDRE FORDRINGAR		kr 63 586	kr 75 175	kr 50 400
KONTANTER		kr -	kr -	kr -
DRIFTSKONTO SPV		kr 137 119	kr 97 510	kr 59 002
HØGRENTEKONTO SPV		kr 39 185	kr 154 851	kr 151 033
TURKONTO/UNGDOMSKONTO		kr 1 006	kr 1 000	kr 1 000
SKATTETREKSKONTO SPV		kr 30 466	kr 12 684	kr 15 345
SUM OMLØPSMIDDEL		kr 271 362	kr 341 220	kr 276 780
SUM EIENDELER		kr 474 020	kr 515 104	kr 414 111
EGENKAPITAL OG GJELD				
ANNEN EGENKAPITAL.....		kr 415 774	kr 380 746	kr 370 233
LEVERANDØRGJELD.....		kr 8 259	kr 96 841	kr 18 824
ANNEN KORTSIKTIG GJELD		kr 49 987	kr 37 517	kr 25 054
SUM KORTSIKTIG GJELD		kr 58 246	kr 134 358	kr 43 878
SUM EGENKAPITAL/GJELD..		kr 474 020	kr 515 104	kr 414 111



FITJAR SKULEKORPS NOTAR TIL REKNESKAPEN 01.07.11-31.12.12

Note 0 - Regnskapsprinsipp

Årsrekneskapen, som er utarbeidd av korpset sitt styre, må lesast saman med årsmelding og revisjonsmeldinga.

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett saman av resultatregnskap, balanse og notar og er avlagt i samsvar med lov om register for frivillige verksemdar.

Årsrekneskapen er basert på grunnleggjande rekneskapsprinsipp og klassifisering av eigedelar og gjeld fylgjer definisjonar i rekneskapslova. Ved bruk av rekneskapsprinsipp og presentasjon av transaksjonar og andre forhold vert det lagt vekt på økonomiske realiteter, ikkje berre juridisk form.

Som hovedregeler er inntekt resultatført når den er opptent. Utgifter vert samanstillt med og kostnadsført samtidig med dei inntektene som utgiftene kan henførast til. Utgifter som ikkje kan henførast direkte tilinntekter, vert kostnadsført når dei påløp.

1 - Løner m.m.

	2011-2012	2010/2011
Lønninger	130 686	81 071
Folketrygdavgift	15 368	14 093
Utleigg instruktørar	10 500	4 000
Lønnskostnader	156 554	99 164

Gjennomsnittlig antall ansatte i regnskapsåret 0,10 0,10

Godtgjersle til styret 0 0

2 - Medlemmer

	2011/2012	2010/2011
Medlemmer ved utgangen av regnskapsåret:		
Ordinære medlemmer	35	36
Juniorar	0	7
Aspirantar	3	7
Samla	38	50

Gjennomsnittlig alder ordinære medlemmer 12,9 12,8

3 - Varige driftsmiddel

	IB	Tilgong	Gr.lag	AVSKR.	UB
Uniformer	kr 27 017	kr 18 864	kr 45 881	20 % kr 13 764	kr 32 117
Notar	kr 43 349	kr 23 615	kr 66 964	20 % kr 20 089	kr 46 875
Instrument	kr 70 218	kr 65 947	kr 136 165	20 % kr 40 850	kr 95 315
Øvingslokale	kr 33 000		kr 33 000 10 år frå 2011	kr 4 950	kr 28 050
Sum	kr 173 583	kr 108 426	kr 282 009	kr 79 653	kr 202 356